



Styringsgruppa

Sendt berre på e-post

Dykkar ref. Sakshandsamar:
Frøydis Ones

Vår ref. Telefon
2010/289 - 0 - 56 37 56 33
23959/2012

Arkivkode: Dato:
L12 05.10.2012

Referat frå møte i styringsgruppa - områdeplan for Knarvik sentrum - 3. oktober 2012

Tid: Kl. 10.15 – ca.11.45

Stad: rådhuset

Til stades

frå styringsgruppa:

Jan Erik Hope, Halvard Rydland, Ingrid Hindenes (frå kl. 11.15), Kjetil Gjerstad, Sæbjørg Kjekka, Kåre Romarheim, Alf Magnar Angelskår (for Kåre Romarheim), Henriette Mjøs, Ståle Hauge, Leidulv Brunborg (for Astrid Namtvedt Sylta)

frå administrasjonen:

Sveinung Toft, Frøydis Ones, Terje Villanger, Benjamin Hicks, Einar Urheim, Kåre Jordal

Administrasjonen innleia med ein presentasjon, som er lagt ved for utfyllande informasjon.

- Merknadene som kom til planframlegget i høyringsperioden vart delt ut.
- Administrasjonen kommenterte kort merknadene som er kome inn under høyringa, og at Fylkesmannen sin merknad inneheldt motsegn til planframlegget, grunna manglande gjennomgåande grøntliner og siktliner i planen.
- Med bakgrunn i merknadene som er kome inn, har administrasjonen førebudd det vidare arbeidet med områdeplanen som inneheldt:
 - Utforming av kvalitetsprogram
 - Vurdering av skyss stasjon
 - TrafikkanalyseI tillegg må ein i planarbeidet kunne ta høgde for eit mogleg regionalt helsehus lagt til planområdet.
- Forslag til framdrift i det vidare arbeidet vart lagt fram, saman med arbeidet og kontaktpunkt med styringsgruppa, og kontakt med grunneigarar.

Drøfting:

Administrasjonen sitt framlegg til vidare arbeid med skyss stasjon vart drøfta. Det vart stilt spørsmål ved kvifor det skal utgreiast meir om skyss stasjon i sentrum når ein politisk ynskjer å gå for skyss stasjon ved Knarvik vidaregåande skule. Ei vurdering av 0-alternativet (som er arealet som i dag vert nytta til skyss stasjon) er ikkje det same som å gå for ein utvida situasjon, vist ved stipla line på presentasjonen.

Nokre synspunkt gjekk på at det er viktig å få fram eit godt vedtaksgrunnlag, og at ein difor også ser på eit utvida 0-alternativ.



Administrasjonen meinte det var viktig å få eit godt grunnlag for val, både for kommunen, men også for fylkeskommunen, og vegvesenet. Med dette som grunngeving var administrasjonen si tilråding å ta med det utvida 0-alternativet.

Styringsgruppa stemde over tre alternativ for arbeidet med skyss stasjon:

- 1) Utgreia berre vidaregåande skule
- 2) Utgreia både 0-alternativet og vidaregåande skule
- 3) Utgreia vidaregåande skule og utvida 0-alternativ

Resultat: Styringsgruppa vil at 0-alternativet og vidaregåande skule skal utgreiast i det vidare arbeidet. Stemmegjevnaden viste 6 for og 3 mot dette.

I ugreiingsarbeidet som Multiconsult skal gjennomføre for kommunen, fylkeskommunen og vegvesenet, er det arealet med vidaregåande skule som konsulentane skal konsentrera arbeidet om.

Vidare arbeid: Leiar av styringsgruppa ba om eit nytt møte.

Møtedato vart etter møtet sett til 6. november kl.0900-1500 (tema Knarvik kl. 12-15).

Med helsing

Sveinung Toft
fagleiar arealplan

Frøydis Ones
arealplanleggar

Vedlegg: presentasjonen